

Vegard i NM-finale søndag

23.11.2011



Vegard på heimebane - i Rosendal. Til helga spelar han på bortebane! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen sin svært lovande unge musikar,
Vegard Døssland (18), går ei
særspennande helg i møte.
Han har nemleg klart kunststykket å kvalifisere seg til
finalen i NM for solistar. Der møter han den absolutte
Norgeseliten i sin aldersklasse, og søndag føremiddag er
han klar for finalespel på musikkhøgskulen i Oslo.**



Vegard har hjelp til den siste trimmen (Foto: Thor Inge Døssland)

I finalen møter han 11 andre flinke musikarar på ulike instrument som klarinett, ulike saksofonar, fløyte, slagverk og tuba. Det er ein tillegg til Vegard som er kvalifisert på kornett/trompet. Vegard ventar ei lærerik helg som gjev han myke erfaring og ikkje minst inspirasjon. Han gleder seg til å høre dei andre musikarane, og når det gjeld eigne prestasjonar så håpar han at han skal spele så godt som han kan klare.
 «Eg håpar eg skal få mi beste gjennomkjøring i sjølve konkurransen», seier han men legg ikkje legg skjul på at han er spent, for å spele i ein slik setting er heilt nytt for han.

Han kunne tenkt seg litt meir rutine på denne type opptredenar. Mange av dei han skal konkurrere med har delteke i NM tidlegare, 3 av dei er til og med noregsmeistrar i klasse1 (yngre musikantar). Det hører og med til historia at noregsmeisteren dei 4 siste åra i Vegard sin klasse (klasse 2) har alle vore slagverkarar.

«Kva plassering ventar du, då?»
 «Det tenkjer eg ikkje på.
 Eg har absolutt nådd målet då eg kvalifiserte meg til finalen.
 Resten er bonus. Eg ser alle som er i finalen som vinnarar!
 Det viktigaste no er at eg gjer ein prestasjon eg er fornøgd med, og så får dommarane ta seg av resten».

Han fortel at førebuingane har gått greitt, og at han har fått mykje god hjelp.
 «Eg har vore heldig og fått kontakt med ein flink pianist på Stord, Fredrik Horn. Det var og han som akkompagnerte meg på opptaket eg sende inn til kvalifiseringa.
 Dette er eit samarbeid som vi håpar skal vidareførast også etter NM.»

Aller viktigast er det likevel at han får mange gode tips og råd hos

læraren sin i Bergen, Erlend V. Aagaard-Nilsen.
Dei håpar han at han kan få brukt på best mogeleg måte.

Det er ikkje Fredrik Horn som skal kompe han i Oslo.
Det vert Lennart Wolfgram.
«Det vert og spennande. Han er svært anerkjent og har ein solid CV.
Eg får gjennomkjøring med han lørdag før finaledagen».

Vegard skal spele to klassiske stykke på kornett i finalen,
og det er ein forventningsfull uskedeling som reiser østover fredag.
Det er aller første gang ein kvinnhering har kome
gjennom det trange nålauget til dette finalespelet.

Av Ola Matti Mathisen